

KYRKJEBLAD

For Kviteseid, Vrådal, Brunkeberg, Fjågesund og Kilen



Jesu nattverd frå altartavla i Kviteseid gamle kyrkje.

God påsketid!



Kyrkjetrappa

KYRKJEKONTORET I KVITeseID

Telefon: 35 06 81 31
Kviteseidgata 13, 3850 Kviteseid
www.kviteseid.sokn.no



Kyrkjevevjerje

Kristen Salmelid
Kontor tlf: 35 06 81 31
Mobil tlf: 97 04 78 60
post@kyrkjetrappa.no



Kyrkjegardsarbeidar/ kyrkjetenar

Håkon Heggveit
Mobil tlf: 91 18 37 50



Sokneprest

Møyfrid Lunde
Kontor tlf: 35 06 81 32
Mobil tlf: 46 90 72 31
sokneprest.kviteseid@kyrkjetrappa.no



Kyrkjegardsarbeidar/ kyrkjetenar

Jan Haugen
Mobil tlf: 91 12 02 48
kyrkjetenar@kyrkjetrappa.no



Organist

Olav Holm
Mobil: 93 40 11 56
organist@kyrkjetrappa.no



Kyrkjegardsarbeidar/ kyrkjetenar

Bjørn Stian Sigurdslid
Mobil tlf: 97 07 87 71



Trusopplærer og kyrkjelydssekretær

Knut Ove Lofstad
Kontor: 35 06 81 28
Mobil tlf: 99 61 65 26
tru@kyrkjetrappa.no



Prostidiakon

Eilev Erikstein
3880 Dalen
Mobil tlf: 91 11 35 80
eilever@online.no

Om bladet

Ansvarleg redaktør: Møyfrid Lunde.
Framsida: «Jesu nattverd» utsnitt frå altartavla i Kviteseid gamle kyrkje, foto: Olav Mosdøl. Utforming og trykk: Erik Tanche Nilssen AS

Gåver:

Bankkonto: 2660.45.14648
Vipps: 3850 (Den norske kyrkja i Kviteseid)

ANDAKT

Sårbare menneske

Memento mori! Hugs at du er døydande! Vi hugsar kanskje frå skulen at desse orda vart kviskra i øyret til den sigrande hærføraren i det gamle Roma, samstundes som han vart hylla av folkemengda som møtte fram for å sjå triumftoget hans vende heim. I følgje tradisjonen var det slaven som haldt laurbærkransen over hovudet hans som samstundes kviskra han denne påminninga i øyret. Han måtte ikkje tru at han var usårleg.

Eg trur at mange av oss har blitt minna om kor sårbart livet vårt kan vere i den tida vi lever i no. Sjølv i trygge Norge med alle våre velferdsgode er vi minna om at vi ikkje kan styre framtida vår.

Som menneske er vi alle sårbare, enten vi hugsar på det eller ikkje. Ein god ting med å hugse på det, er at vi lettare kan sjå og hugse andre si naud. Vi kan lettare identifisere oss med andre som lid og har det vondt.

I 1937 medan mange i Norge framleis sat trygt, skreiv Arnulf Øverland det sterke diktet «Du må ikke sove». Det er eit langt dikt, men nokre ord vert stadig framheva:

*Du må ikke sitte trygt i ditt hjem
og si: Det er sørgelig, stakkars dem!
**Du må ikke tåle så inderlig vel
den urett som ikke rammer dig selv!**
Jeg roper med siste pust av min stemme:
Du har ikke lov til å gå der og glemme!*

Mange år seinare skreiv Arnulf Øverland òg ei salme som står i salmeboka vår. Der skriv han sånn i det siste verset:

*«Vår dag er kort. Vår angst er stor
ved tidens åpne grind.
O Gud, er der en sorg på jord,
som ikke og er din?»*

Som menneske liker vi ikkje å kjenne oss sårbare. Når vi no feirer påske, kan vi hugse på at Jesus valde å bli menneske, vel vitande om kva sår det ville gje han. Profeten Jesaja profeterte omkring 700 år før Kristus:

*«Men han vart såra for våre brot,
knust for våre synder. Straffa låg på han,
vi fekk fred, ved hans sår vart vi lækte.»
(Jes 53,5)*

Eg trur at Jesus har sigra over døden. Eg trur han lever no og er vår frelsar. Men han ber sårmerke i hendene etter naglane på krossen, og han har eit sårmerke i sida etter spydet soldaten nytta for å sjekka at han verkeleg var død. Dette vil eg hugse på og takka for. For han gjorde det for deg og meg. Han tok straffa for at vi skulle ha fred. Når vi hugsar på at vi skal døy, kan vi difor òg hugsa noko meir: Memento pacis. Hugs freden! Guds fred i Jesus Kristus!

Tekst: sokneprest Møyfrid Lunde

Frå Sundkilen til Skagerak

Ein ljøs og mild vårdag i mars er Solveig Syrtveit Mikalsen (21) heime i Midtsundvegen medan dei andre i familien er på jobb og skule. No kan ho ta det med ro. Om ei veke skal ho på jobb att. Då blir det fjorten travle og lange dagar på kjøkkenet på Color Hybrid, den nyaste ferja som går mellom Sandefjord og Strömstad.



Likar å lage mat

Solveig er kokk. Yrkesvalet har ho aldri vore i tvil om. «Eg har lika å lage mat frå eg var lita», fortel ho. Etter ungdomsskulen gjekk ho på vidaregåande skule i Seljord, og deretter var ho lærling.

Kva måtte du lære i utdanninga?

«Vi var innom mange tema på skulen. Noko av det viktigaste er dei grunnleggjande teknikkane i matlaging. Alle rettar har sine grunnbasar. Ut frå dei kan ein lage mange slags variantar. Og så er det dette med allergiar, intoleransar og diettar, og hygiene er naturlegvis viktig.» Solveig hadde læretida si på Kiel-ferja Color Magic. Etter to år der fekk ho tilbod om fast jobb i rederiet, og vart då flytta til Color Hybrid.

Hektiske dagar

Solveig er to veker på og to veker av. Dei fjorten dagane ho er om bord, er det 11,5 times arbeidsdag kvar dag, og då er ikkje pausene inkludert. Då blir det ikkje meir enn å arbeide, ete og sove når ho er ute. «Det er lange arbeidsdagar, men ein blir innstilt på det. Og når uteperioden er over, flatar eg ut nokre dagar.» No er det ikkje like travelt alle dagar, fortel ho. «Sommaren, særleg skuleferien, er veldig hektisk. Helgene kan også vere det, men så er det rolegare i lågsesongane.»

Oppgåver på kjøkkenet

Mange av oss har reist med båten til Strömstad, eller til Hirtshals eller Kiel. Då er det deilig med eit måltid i buffet-restauranten. Her kan vi forsyne oss med god mat av alle slag, og nyte han. Men kva skjer på kjøkkenet, eller byssa, som det heiter til sjøs? Der er det 14 kokkar, fortel Solveig. Dei lagar mat både til passasjerane og til alle dei tilsette. Servering og oppvask har dei ikkje ansvar for, men dei ber maten ut og inn.

Hygienen er veldig viktig, ikkje minst handvask, og det lange, flotte håret sitt må Solveig flette når ho er ute. «Kvar dag vaskar vi benkar og handtak, golv, kar og knivar m.m. Ein gong i veka vasker vi



Solveig i aksjon som frivillig leiar på «Lys Vaken».

tak og veggar, skap, kjøleskap og hyller.» Kokkane har ulike arbeidsoppgåver, og dei må langt på veg arbeide sjølvstendig. Om kvelden set dei opp liste over arbeidsoppgåvene sine dagen etter.

Kva er dine arbeidsoppgåver?

«Eg har ansvar for kaldmat på buffeten. I den fyrste veka i turnusen inkluderer det salatar og dressingar, i den andre uka dessertane.

Ja, kor mange dessertar har de?

«Vi har softis, tre slag pudding, berlinerbollar, sjokolademos og fire slag kake. I tillegg er det donuts og gelé til borna, men det er også mange vaksne som tek det.»

Kva likar du best å jobbe med?

«Eg har alltid vore glad i dessertar, og kaldmat er gøy.»

Arbeid i tung sjø

Det er ikkje fritt for at intervjuaren kjenner ei freisting til å snakke om både det eine og det andre frå sjømannslivet. Han budde i Larvik 450 m frå brygga der ferja til Frederikshavn la til, og var mykje der som gutunge. Etter krigen var far hans

matros på den fyrste Peter Wessel, som gjekk til Danmark frå 1937. Det går ei line frå dette rederiet til Color Line i dag. Men nok om det.

Korleis er det å arbeide når det er tung sjø? Blir du sjøsjuk?

«Eg blir ikkje sjøsjuk, i alle fall ikkje når eg har noko å arbeide med. Eit godt råd mot sjøsjuke er å ikkje gå på tom mage. Er det hardt vêr, må vi passe på å tjore ting fast, låse hjula på trallene og ikkje la ting liggje lause. Det hender at vêret er heftig. Då merkar vi det meir enn på Kiel-ferjene, som er eit større skip.» Ëi fylgje av dårleg vêr er at færre et i restauranten. Då blir det mindre å gjere for personalet.

Fritidsinteresser

Kva likar du å gjere på fritida?

«Eg er med i Kviteseid hornmusikk, eg spelar trombone. Då eg gjekk i fyrste klasse, ville eg ikkje øve, så eg slutta på kulturskulen, men i 10. klasse var det ei venninne som fekk meg med i korpset. Det hadde eg tenkt på sjølv også.»

Tru og kyrkje

Solveig er ein kristen, det er ho tydeleg på. Ho er oppvaksen i ein kristen heim, og har fått trua og engasjementet i kyrkja med seg frå ho var lita. Men no er ho vaksen, no må trua vere hennar eiga. «Når ein er vaksen, kan ein ikkje tru berre fordi mamma og pappa gjer det.»

Har det nokon gong vore aktuelt for deg å vende deg bort frå den trua du voks opp i?

«Nei, det har det ikkje», svarar ho. Solveig har vore med i ulike oppgåver i kyrkja. Ho er klokkar av og til, og ho likar å vere med på sundagsskulen. «Fyrst var mamma leiar og eg hjalp til. Etterkvart har eg også fortalt og vist bilete for borna. Eg synest det er fint å lære dei om Jesus.»

Kva har trua å seie for deg?

«Det er ikkje så lett å setje ord på. Det er noko trygt, ein kan søkje hjelp i Bibelen, og får hjelp av Gud, sjølv om det kanskje ikkje er på den måten ein ynskjer.»

Heimstad og framtid

Solveig budde i Lødingen i Nordland det meste av barneåra. I sjuande klasse budde ho i Sauda, og så kom ho til Kviteseid. «Her er det fin natur og mange fine stiar å gå med hunden på. Eg trivst her, men no er mange av venene frå skulen flytta ut.» Til sommaren flytter Solveig også, men det er fordi ho skal gifte seg. Han ho er forlova med, traff ho i læretida. Han er også i Color-line. Ikkje på same båt, men dei har i alle fall same turnus. Solveig vil gjerne halde fram i rederiet. «Det er veldig godt arbeidsmiljø og gode kolleger der, og eg trivst godt», seier ho. Vi ynskjer henne lukke til i liv og arbeid.

Av ØAJ



Color Hybrid, arbeidsplassen til Solveig. Foto: henta frå Color Line si heimeside.

Cecilie skaper liv i Kviteseid

Frivilligåret 2022 skal vere ein periode då me satsar på at Noreg skal auke sin innsats gjennom frivillig lags- og dugnadsarbeid. Året skal markerast og feirast lokalt og nasjonalt. Kyrkjebadet har tatt kontakt med dagleg leiar i Kviteseid frivilligsentral, Cecilie Austjore-Hosum.

Av Olav Mosdøl

- Eg starta som dagleg leiar 1. september 2021. Då hadde eg ynskt meg jobben i over eitt år. Bakgrunnen var at eg syntest det var moro å dra i gang prosjektet «Stolpejakten». For eg kunne tenkje meg å ha ein jobb der ein arbeider for at kommunen skal bli ein betre stad å bu. Eigentleg er eg grunnskulelærer frå 2016. Men så har eg som Oslo-jente forvilla meg til Vest-Telemark på grunn av kjærleiken, fortel Cecilie.

Kvar er arbeidsplassen din, og korleis får ein kontakt?

– Kviteseid Frivilligsentral har hovudbasen sin på Næringshagen i Kviteseid sentrum, men heile kommunen er arbeidsplassen. Det vil seie at eg kan dra i gang og vere med på ting som skjer. Beste måten å få kontakt med meg er å bruke telefon eller e-post. Alle interesserte kan gå inn på heimesida for å finne opplysningar og få vite kva me driv med. Adressa er: kviteseid.frivilligsentral.no telefon: 456 19 902

- Kva vil du seie at frivilligåret går ut på?

- Året 2022 er frivilligheita sitt år. Det går ut på å lyfte fram alt som blir gjort av frivillig arbeid, og syne kor viktig det er for samfunnet. Det betyr mykje å ha mange frivillige. Ein reknar med at denne innsatsen i Noreg tilsvargar rundt 142

000 årsverk. Dette året blir m.a. markert med visse signalarrangement, slike som «sykkelturen 2022». Då skal det syklast gjennom heile landet for å lyfte fram den frivillige innsatsen. Frivillige lag kan sende søknad på opptil 20 000 kr til eige arrangement, kalla «Vår dag». Søknadsfristen er 15. juni.




- Kva ynskjer du å lyfte fram i Kviteseid?

- Sjølv om me er i oppstarten her, trur eg det er viktig å lyfte fram dei personar og lag som har stått på i lang tid. Elles er det viktig å skape møteplassar og jobbe for å forebygje 'utanforskap'; då vil me ha hovudfokus på unge, eldre og menneske med nedsett funksjonsevne. Det vil skje i samarbeid med frivillige lag og kommunen, ikkje i konkurranse med eksisterande opplegg. Framover satsar me på: «Open hall» for ungdom, klesbytedag, middag og konsert for eldre, fredagsdisco for utviklingshemma, loppemarknad, utstyrssentral, leikeplass i sentrum, stolpejakt, sommaraktivitetar for ungdom.

Forsetjing side 9...

Labyrint

Kan du hjelpe Gulliver gjennom labyrinten?



Gje barnebladet
Barnas til eit barn
du er glad i!

Desse oppgåvene er
henta frå bladet.

Bestill abonnement
på sondagsskolen.no
eller 22 08 71 00



- Klarar du å teikne ein rett strek med ein linjal?
- Sjølv sagt!
- Godt gjort! Eg klarar det ikkje utan blyant.

Finn fem feil!


Her feirer dei første kristne nattverd. Dei to bileta er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet til høgre?

Teikning: Asbjørn Tønnesen

Vitsar

- Eit egg fekk sjå seg sjølv i eit speil.
- Å nei, eg har blitt eit speilegg!

- Pass deg for trappa!
- Kva for ei trapp-app-app-app ...



Gåve til Kyrkebladet

Vi håpar ut du set pris på dette bladet! Vi vil gjerne halde fram med å gje ut fire nummer i året. For kvart nummer har vi utgifter til design og trykking frå trykkeriet, samt til posten for distribusjon. Du kan vere med og gje di støtte ved å gje ei frivillig gåve som abonnent.

Takk for di gåve!

Du kan gje ei gåve ved å sende valfritt beløp til 2660.45.14648, eller du kan gje di gåve på Vipps til nr 3850, velg kategori 5 for å gje til kyrkjebladet.

Ynskjer du skattefrådrag på denne og andre gåver til kyrkja, kan du skrive dette i meldingsfeltet.

Fortsetjing frå side 7...

- *Har Cecilie noko framtid-synskje?*

- Eg vil kome med eit ynskje om at me alle kan bli flinkare til å kontakte naboar og nyinnflytta, og invitere dei heim på besøk. Vil også oppmuntre folk til å kome på arrangement og delta som frivillige; eller bli med i eit anna lag eller menighet for å ha noko meningsfullt å gjere. Hugs at du er unik og viktig. Ha tru på at DU kan gjere ein forskjell for deg sjølv og andre, sluttar Cecilie Austjore-Hosum

Støtt gjerne arbeidet med ei gåve på vipps nr. 3850 eller til bankkonto:

Kvittering

Innbetalt til konto
2660.45.14648

Beløp

Betalerens kontonummer

Betalingsinformasjon

GIRO

Underskrift ved girering

Betalt av

Betalt til

Kviteseid sokn
Kviteseidgata 13
3850 Kviteseid

Kroner

Øre

Til konto

< > 2660.45.14648

«Inga byrde, berre ei glede»



Solveig er ei av fleire som smører smørbrød.

I kyrkjelydsarbeidet blir det gjort ein stor frivillig innsats kvar einaste veke. Kyrkjebladet har teke turen til ein av aktivitetane, det månadlege føremiddagstreffet som soknerådet driv på Misjonshuset. Vanlegvis er det fem, seks eller sju som steller i stand, men denne onsdagen er det berre fire, p.g.a. sjukdom og anna.

Det er ikkje lite arbeid med eit slikt arrangement. Lenge i førevegen må det vere lagt ein møteplan og sett opp arbeidslister, og i god tid er det gjort avtaler med dei som skal delta med ulike innslag. Før ei samling må ein av arbeidsgjengen kjøpe inn mat på Kiwi, og kaker må bakast. Til utloddinga må det vere gevinstar på plass.

På møtedagen er arbeidslaget på plass kl. 9. Då går dei i gang med å dekkje bord og smøre smørbrød. Etter at arrangementet er gjennomført, er det rydding, oppvask og støvsuging m.m., så dei er ikkje ferdige før klokka er tre.

Eit tilbod om skyss gjev dei også, men i dag er det ingen som har bede om det. Det er ikkje så ofte spørsmål om skyss lenger. Fleire av dei som kjem, får skyss med kvarandre, og Midtsundtoppen og Lundenjordet skaffar skyss for sine.

Vi spør om ikkje det er strevsamt å stille opp gong etter gong til så mykje arbeid, om ikkje det er tungt å tørne ut og vere på plass kl. 9 når det snør og regner. Men nei, det er inga byrde, berre ei glede, svarar dei i kor.

Ei glede er det i alle fall for dei som kjem for å vere med på treffet. Vi tek ein prat med tre av dei, Marie Omtveit, Signy Snaunes og Gunda Aabø. Dei høyrer til dei faste, må ein kunne seie, ja Marie og Gunda har sjølv vore med og stelt til i mange år. Kva synest dei om dette tiltaket? «Førsteklasses, veldig koseleg», kjem det kontant, «vi kan ikkje unnvere føremiddagstreffet, og prøvar å kome kvar einaste gong.»

Denne gongen var det også fleire karar å sjå i salen. Det er ekstra hyggeleg. «Kanskje det kjem fleire karar fordi Johannes Skarprud er gjest idag», blir det foreslått. Han var invitert til å syngje og fortelje om gamle plassar ved Bandak. Dette er òg ein frivillig innsats.

Kirsti Skjæveland var med og starta føremiddagstreffet for 21 år sidan, og har vore leiar sidan då. Denne onsdagen måtte ho melde forfall, så vi tok ein telefon til henne i etterkant. Dette med leiar vil ho ikkje ha nokon blest om. Ho vil heller understreke at dette er eit lagarbeid. «Mange har vore med opp gjennom åra, og stadig er det nokon som seier dei kan vere med, så det er ikkje vanskeleg å drive.»

Vi spør Kirsti også om korleis det er å stå i dette arbeidet. «Av og til kan ein kjenne det i beina når ein går heim», må ho medgje, «men det er veldig meningsfylt. Det er fint å gjere noko for andre, og det



Sigrun tenner lys på bordet til Marie, Signy og Gunda.



Gunnhild og Åsa steller til utlodding.



er ein flott gjeng å arbeide saman med. Når klokka er halv elleve og det meste er på plass, tek vi gjerne ein kopp kaffi og har det hyggeleg før programmet startar.»



Fauna Vokalkvintett, foto: Oda Hveem

Konsserter i mai

Torsdag 5. mai kl 19.30 planlegg vi konserten «3xHaugen og Holm» i Kviteseid kyrkje.

Konserten vil vere bygd rundt tonesette tekstar av Oddmund Haugen. Jan Haugen, Petter Haugen og organist Olav Holm deltek.

Sundag 29. mai kl. 18.30 kjem Fauna Vokalkvintett til Brunkeberg kyrkje med konserten «Olea». Dei vil framføre eigne arrangement av gamle folketonar og salmar samla av Olea Crøger. Fauna består av: Christina Thingvold, Gudrun Emilie Goffeng, Camilla Marie Bjørk Andreassen, Beate Børli Løkken, og Silje Worquenesh Østby Kleiven.

Dei er profesjonelle songarar med bakgrunn i ulike musikalske sjangrar som klassisk, jazz og anna rytmisk musikk.

Til Olea-prosjektet har Fauna fått med seg kvedar Ingebjørg Longvik Reinholdt fra Seljord.

Olea Crøger var songar, tradisjonsberar, samlar og oppskrivar. Ho leia mellom anna Landstad inn i verda av folkeviser, og fleire av melodiane vart gjengjeve i Landstad og Lindemans samlingar. Olea Crøger hadde ei tid songundervisning ved det gamle lærarseminaret ved Kåsa-skulen i Brunkeberg.

Nytt om kyrkjene

Fornyning av sakristiet i Vrådalen kyrkje

Her har ikkje innreininga vore heilt tenleg, rommet har vore kaldt, og det har ikkje vore mussett. Det siste førte til at den grøne messehakelen vart øydelagt av mus. No har kyrkjetenarane pussa opp rommet. Golvet er teke opp med bjelkar og det heile. Det var ikkje røte, men det var mest lagleg å leggje nytt golv, som er godt isolert og heilt tett. Varmtvasstanken og stålbeslaget i benken blir bruka vidare, men elles er det sett inn ny innreining, laga av Hauglid Trevare. Heile rommet er også måla.



Benkar i Kviteseid kyrkje

Kyrkjebenkane har stått for tett. Vedtak i soknerådet om å få til betre plass mellom dei er godkjent av biskopen. Fleire frå staben kom då saman for å tilpassa avstanden. Omnane under benkane blei flytta tilsvarande, og benkane blir skrudd fast til golvet. Då er det blitt ein benk mindre i kyrkjeskipet, og to lange benkar i koret er erstatta med korte for å betre passasjen rundt altaret. Tidlegare er det sett inn flygel og ljøglobe og laga plass for rullestol. Etter desse endringane er talet på faste sitjeplassar no 320, mot 350 opphavleg. Det er framleis høve til å ha lause stolar til dømes i koret, men vi må ikkje blokkere rømmingsvegane.

Gapahuk-prosjektet

Taket vart noko meir kostbart enn berekna grunna høge materialprisar. Totalkostnaden vil bli om lag kr 138 000. Stønad og gåver har kome opp i kr 73 000. Soknerådet sin kostnad er då kr 65 000. Vi hadde budsjettert med kr 50 000. Vi søker no om tilskot frå Opplysningsvesenets fond. Gapahuken vart høgtideleg opna etter gudstenesta 28. november. Vi vurderer namnekonkurranse for gapahuken. Det blir òg laga enkle reglar for bruk og orden.



Branntilløpet Fjågesund kyrkje

Oppryddinga etter reparasjonsarbeidet er ferdig. Kyrkja får nye grunnmursventilar og støypejarnsluker. Eigenandelen på 50 000 kr er betalt. KNIF Trygghet forsikring har betalt rekningar på nær 300 000kr.

Nytt frå misjonsprosjektet i Etiopia



I september reiste familien Wittersø Hector til Etiopia, men midt i november måtte dei dra til Kenya p.g.a. den spente politiske situasjonen. Der kunne Fredrik arbeide med bibelomsetjing på nettet, og Karen Elisabeth heldt heimeskule for borna. Det blei stadig meir covid rundt dei. For å kunne kome inn i Etiopia att, måtte dei ha negative PCR-testar. Difor valde dei å feire jol i isolasjon. Så kunne dei vende tilbake til Addis 28. desember. Då skulen hadde internettundervisning i to veker etter nyttår, kunne dei besøkje området dei budde i til 2017, Woyto, der dei talar språket som dei omset Bibelen til. Borna fekk sjå att staden og fekk mange spennande opplevingar. Det er vekst i mange av kyrkjene, men også tøffe forhold med tørke, covid, krig og inflasjon i landet.

«Vi er takksame og glade for å vere her», skriv dei. «Det er ei glede å sjå at kvinner som aldri har vore på ein skulebenk, sakte byrjar å dekode enkle ord og setningar, vi høyrer at folk les bibeltekstane

og syng på lokalspråket, og ser studentar som underviser folk. Så gled dykk gjerne med oss!»

Heile brevet og bilete frå Karsan og Fredrik kan du lese på nettsida kviteseid.sokn.no

LIVETS GANG

Døypte

Kviteseid:

Marlon Andersen Draugedal

Vrådal:

Lauritz Lassemo Nødland

Døde

Brunkeberg:

Karin Nordjordet
Nils Krogsæter

Kviteseid:

Johannes Karlsen
Arne Johan Degnes
Borghild Brauti

Vrådal:

Solveig Fless
Roald Strand
Anna Kristine Sanden
Helge Myhra

OPPSLAGSTAVLA

Dåp- konfirmasjon – vigsel?

På vår nettside kan du mellom anna melde dåp, konfirmasjon og vigsel: www.kviteseid.sokn.no

Føremiddagstreff

27. april på Misjonshuset kl. 11.00
Dato for sommaravslutninga på bygdetunet: sjå VTB.

Godhetsveka 2. – 7. mai

Diakoniamling 2022

I mange år har sundagen etter påske vært sett av til den felles diakoniamlinga for Vest-Telemark. Så kom pandemien, og endra dette i nokre år, men no blir det diakoniamling i Treungen søndag 24. april. Tema i Frivilligåret 2022 er «Fri, villig og heit.» Mellom dei med får møte er Halvor Homme, ordførar i Nissedal og regionordførar i Vest-Telemark, Renate Hassel, leiar av Frivilligsentralen i Nissedal og Astrid E. Nordal, leiar av Diakonitualet i Nissedal. Samlinga startar med gudsteneste i Treungen kyrkje kl. 17, med utdeling av Diakoniprisen. Etterpå er det program og mat på bedehuset.

Ønsker du skyss til gudstjeneste?

Ring Kirsti Skjæveland tlf. 412 64 364

Soknebod

Har du vanskeleg for å komme til kyrkja og ynskjer å ta imot nattverd i privat heim eller på ein institusjon? Ta kontakt med prest, Møyfrid Lunde mob. 469 07 231 eller med prostidiakon Eilev Erikstein mob. 911 13 580.

Besøksteneste

Ønsker du å få besøk av nokon som kan komme jamleg for å prate i lag, gå ein tur, eller anna. Ta kontakt med Kirsti Skjæveland på tlf. 412 64 364.

Trusopplærings-abonnement

Har du barn som ikkje er medlem i kyrkja, men ynskjer at dei skal få tilbod om trusopplæring tilpassa barnets alder? Dette kan du registrere på kirken.no/minside.

Tidlegare gjaldt dette berre for føresette som sjølv var medlem, men no er tilbodet ope for alle føresette.

Vandring for forandring 2022



Vi inviterer deg som er MANN, og har mista nokon i sjølv-mord (ektefelle, born, sambuar, bror, syster, kamerat, kollega) til vandring langs den gamle pilgrimsvegen mellom Haukeli og Røldal.

Tid: laurdag 10.- søndag 11. september 2022

Ei grunnleggande pilgrimsrøynsle er nettopp at ein møtest som den ein er, med si historie, sine tankar om tvil og tru. Vi ynskjer at denne vandringa skal vere eit tilbod til menneske med ulik tru og bakgrunn. Det at vi er ulike gjer vandringa rikare. Mange etterlatne opplever hjelp i å møte andre i same situasjon. Fellesskapet gjev rom for aksept og forståing. Vandringa er eit samarbeid mellom prostidiakonen i Vest-Telemark, RVTS Sør, Øvre Telemark prosti og Agder og Telemark bispedøme. For meir info kontakt: Diakon Eilev Erikstein 91113580.

RETURADRESSE: KYRKJEKONTORET - KVITSEIDGATA 13, 3850 KVITSEID

Gudstenesteliste

APRIL

Torsdag 14. Skjærtorsdag

– Joh 13,1-17

Kviteseid kyrkje kl. 18:00

Høgtidsgudsteneste. Møyfrid Lunde. Oftr. MF.

Fredag 15. Langfredag

– Joh 18,1-19,42

Brunkeberg kyrkje kl. 11:00

Gudsteneste. Møyfrid Lunde.

Sundag 17. Påskedag

– Joh 20,1-10

Kviteseid kyrkje kl. 11:00

Vrådal kyrkje kl. 13.30

Høgtidsgudsteneste. Møyfrid Lunde. Oftr. Kyrkjelydens misjonsprosjekt.

Måndag 18. 2. påskedag

– Joh 20,11-18

Fjågesund kyrkje kl. 11:00

Høgtidsgudsteneste. Møyfrid Lunde. Oftr. Kyrkjelydsarbeidet.

Sundag 24. 2. søndag i

påsketida – Joh 20,24-31

Brunkeberg kyrkje kl. 11:00

Samtalegudsteneste. Møyfrid Lunde. Oftr. Norges Kristelige student- og skoleungdomslag.

Sundag 24. Felles

diakonigudsteneste i

Treungen kyrkje kl. 17.00.

MAI

Sundag 01. 3. søndag i

påsketida - Matt 24,25-28

Kviteseid kyrkje kl. 11:00

Familiegudsteneste. Møyfrid Lunde. Oftr. Kristent interkulturelt arbeid

Sundag 08.

Godhetsgudstjeneste som avslutning på godhetsveka.

Sundag 15. Inga gudsteneste

Tysdag 17. mai

– Luk 17,11-19 kl. 11:00

Fjågesund kyrkje kl. 12:30

Oftr. Blå Kors

Brunkeberg 13:45

Oftr. Kirkens SOS, Telemark

Høgtidsgudstener Møyfrid Lunde.

Kviteseid kyrkje

Oftr. Sjømannskirken.

Sundag 22. 6. søndag

i påsketida

– Matt 6,7-13

Vrådal gamle kyrkjegard

kl. 11:00 Friluftsgudsteneste. Møyfrid Lunde.

Oftr. Kyrkjelydsarbeidet

Torsdag 26. Helgetorsdag

– Joh 17,1-5

Vrådal kyrkje kl. 11:00

Brunkeberg kyrkje kl. 13:30

Konfirmasjonsgudstener. Møyfrid Lunde.

Oftr. Kyrkjelydens

trusopplæringsarbeid.

Sundag 29. Søndag før pinse

– Joh 16,12-15

Kviteseid kyrkje kl. 11:00

Gudsteneste. Møyfrid Lunde.

Oftr. Kyrkjelydens trusopplæringsarbeid.

JUNI

Sundag 05. Pinsedag

– Joh 14,23-29

Kviteseid kyrkje kl. 11:00

Konfirmasjonsgudsteneste.

Møyfrid Lunde.

Oftr. Kyrkjelydens trusopplæringsarbeid.

Sundag 12.

Treiningssundag

– Luk 24,45-48

Vrådal kyrkje kl. 11:00

Gudsteneste. Møyfrid Lunde.

Oftr. MaMa Children center of Norway.

Sundag 19. 2. søndag i treiningstida

– Joh 3,1-13

Kviteseid gamle kyrkje kl. 11:00

Gudsteneste. Møyfrid Lunde.

Oftr. Menneskeverd.